Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Fjell

Emne: Bålbrenning på visse dagar i året

Bygdelag: Söre lūten

Oppskr. av: Hans O. Nordvik

Gard: Nordvik

(adresse): Nissjöen

G.nr. 4 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Namn.

Sp. 1. Det heiter bål.
-"- 2. Nei, ikkje anleis enn, at me seie t. d. jonsok-bål.
-"- 3. Nei.

Tida.

-"- 4. Nei.
5. Nei, det er ūkjendt her.
6. Nei.
7. Nei.
8. a. Ja, då brende dei eit stort bål (jonsok-kvelden)
b. Nei.
c. Der var tildels dei som brende bål Syftesok-afta og; men det var ikkje so mange.
d. Likeins kan eg seie det var Olsok-afta. Der var nok einskilde gardar her i bygda som brende bål då og; men det var helst eit fåtal.
Det var fleire her, som brende Olsok-bål for 40-50 år sidan, (som enn det er no om åra.

~~14097~~
14098

Sp. 9.
Ja, Stöls-eld brende me her, og det var når kyr'na skū liggja ūte om natta i marka.
" 10 Det var ikkje visse dagar, men når beista skū liggja ūte, gjorde ein opp Stöls-eld.
Vil gjera merksam på, at det er lite, eller ikkje, brūkt no; men for 30–40 år sidan, var det mest vanlegt her.
11. Nei, bål for krötera tende ein altid om kvelden, helst samstundes som kvinnfolka mjölka dei.
Jonsok-bålet tende ein altid afta.
12. Ein kan seia det var viss tid jonsokafta, når bålet skū tendast, og det var litt för midnatt. kl. 23.
13. Bålet brann ikkje heile natta, 2–3 tima var vel det mest vanlege.
14. Ja, det var på högaste berg- eller fjellnut i närleiken av garden, på same stad kvart år. „Jonsokhaugen" for garden Nordvik, ligg litt sör-om garden, i ūtmarka, og har vore nytta til bålstad i mange mannsaldra.
15. Ja.
16. Det var vanleg her, at kvar gard, hadde bål jonsok-afta.
17. Nei, den skik har ikkje vore her.

Dei som steller med bålet og tenner det.
18. Alle er ikkje med. Det er ūngdomar av begge kjön, og litt

14098
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

större ungar, som utgjer misteparten av flokken; men gifte folk er også med på „jonsokhaugen".

19. jentene var sers velkomen, og gifte kvinner fekk vera med.

20. Ja, det er igrunnen helst borna, som går i gang med jonsok-bålet no.

21. I åra frå 1910–1920 var ungdomslaga ihuga med og brende bål jonsokafta; men litt etter kvart har det dabba av.

22. Det er ukjendt her.

Korleis dei bygde bålet.

Sp. 23. Eg vil ikkje seia, at det vert bygd opp på ein viss måte. Det skjil seg mykje kva tilfang ein har. I gamle daga var det helst gamle båtar, som var brukt til jonsokbål.

24. No er det mest tjöretunner, som vert brukt til det. 9 slags lauvved til det bruk er ukjendt her.

25. Det har nok hendt, at ein pröode å laga det som ein stor „kall"; men det var ikkje det vanlege.

Korleis dei fekk bål-vyrke.

26. Ja, ein måtte kjöpa båtane, og likeins tjöretunnene; men det var ofte til billeg pris.

27. Det vanlege var, at ein „skillinga" saman blandt ungdomane, gutane, og dei yngre gifte manfolk,

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14098

slik at ein dekka kontanttilegget.
Sp. 28. Dei hadde nok ikkje lov
å ta vyrke, som låg og slong;
men det vart ofte gjordt.
Eldre folk har soleis fortalt om
ein mann frå ein av nabogarane
her, at han hadde arbeidt hardt
i fleire dagar, for å få opp
store furu-röter or ei myr.
Myra låg noko avsides frå heimen,
so at mannen såg ikkje til
rötene kvar dag. Dei kunde
berre stå og turka, so vart det
god brendsel til vinteren.
Men jonsok-afta kom rötene til
mannen med i jonsok-bålet,
og dei brann godt.
Sinare fekk mannen greia på
kven som hadde teke rötene, og kva
dei var brukt til.
Mannen vart sjölsagt lei for dette,
han gjekk til hovedmannen for
dei som tok „rota" og sa:
„At mine sveitta-dropa skui
brenna til forlystelse for deg,
din tjua-belg!"
Dermed var saka opp- og avgjordt.
29. Nei, det hadde dei ikkje.
30. Ja, tradisjonen er den, at
ei gir gjerne noko til
jonsok-bålet, eller om ein
sel noko, so er ein ikkje
so nöye på det, om ein
sel til billeg pris.
Soleis har det vore, og soleis
er det no og.

14098

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

III

Korleis bålet skulle vera.

sp.31. Eg trur ein kan seia, at jonsok-bålet altid var störst.
32. Ja, det var det.
33. Ja, apsolutt.
34. Det skü helst ikkje ryka; men brenna so klårt som mogeleg.
35. Det veit eg ikkje noko om.

Kva bålet skulle tena til.

Sp. 36. 37. 38 og 39 veit eg ikkje noko om.

Sjölve festen ved bålet.

Etter at alt som skü brenna var bragt i orden på förehand, samlast ungdomen i grenda utpå kvelden på jonsokhaugen, og når dei tykte det var höveleg tid, vart bålet tendt.

41. Ja, det stemmer. Ungdomen heldt seg ved bålet, medan dei eldre sat heime i stova, og festa på sin måte.

42. Ungdomen heldt seg ved bålet, til det var nedbrendt, og etter på samlast dei i ei löa eller eit större sjöhüs til danseleik og annan moro, som varde til langt üt på morgonen. Ein del av gütane tok seg gjerne nokre drammar, og enkelte av dei vart gjerne litt „pussa"; men det oppstod aldri noko bråk. Der rådde altid ein kameratslig ånd millom dei.

14098

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sp. 45. Dei hoppa over det nedbrende bålet, og sprang gjennom röyken.
Om der fæste seg noko trû, ved eller til det, veit eg ikkje.
47. Det veit eg ikkje om, at nokon gjorde.

Skikken i dag.

49. Folk meiner omlag soleis, at det er ein gamal skikk, og det skader ikkje å halda liv i han. Når det er fint vêr, er det beintfram festleg å sjå alle dei bål, som brenn her ikring, midsommarkvelden.
50. Skikken har halde seg, men interessen hos ûngdomen for jonsokbål har minka litt etter kvart.
Dei som er mest interesserte no, er skûleborna (12–14 åringane) for å laga til eit „sabba" jonsokbål.
51. At interessen hos ûngdomen for bålbrenning har minka, kan vel av ymse ting.
Det der med dans på låven og sovore, er vorte for gamaldags.
No er det ûngdomshûs i narsagt kvar grend, og dans m/forfriskn. er adertert i dagsavisa/.
Biltûr fram til ûngdomshûset er det vaulige. – Andre kveldar er det film-framsyning.
Ungdomen har so mykje meir å velgja millom no enn för, og dei har lettare for å komma saman til fest, og andre samankomster.
Dette trûr eg er med og gjer intressen for jonsokbål minkande.

14098

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING